

Styremøte i Norsk medieforskarlag (NML)

## Referat 20. april 2020

Kl. 14.00-15.00 (Zoom)

**Til stades:** Eiri Elvestad (leiar), Lisbeth Morlandstø, Marika Lüders, Balder Holm, Hanne Hestvik Kleiven, Svein Høier og Terje Skjerdal (ref).

**Forfall:** Magnus Hoem Iversen

### 1. Innkalling

Godkjend.

### 2. Referat frå styremøte 2. mars 2020

Godkjent.

### 3. Koronasituasjonen

Styremedlemene delte erfaringar frå sine institusjonar. Dei aller fleste har heimekontor. Mykje er usikkert med tanke på konferansar framover og det neste semesteret.

### 4. Førerels rekneskap 2019

Kasserar (Magnus) var ikkje til stades på møtet. Kjem tilbake til saka seinare. Ei ny problemstilling har kome opp i og med planlegging av medieforskarkonferansen 2020: Skal konferanseavgifta inn i medlemsavgifta? (For å unngå mva på konferansen.)

### 5. Medieforskarkonferansen Oslo 22.-23. okt 2020

Konferansen går som planlagt uavhengig av koronasituasjonen – anten fysisk eller digitalt. Lokasjon er inntil vidare Forskningsparken (UiO). Dei ulike fristane er utsett med eit par veker. Abstractfristen er 15. juni. Sjølv konferansen er i år gratis (men avgift for konferansemiddagen). Positivt svar frå Forskrådet sidan sist, som støttar konferansen med 100.000 kroner (som søkt om).

Konferanseside:

<https://www.hf.uio.no/imk/forskning/aktuelt/arrangementer/konferanser/2020/medieforskerkonferanse-2020/index.html>

### 6. Tema for NordMedia 2021 (Island)

Arrangøren har sendt ut forslag til tematekst – om komplikasjonar i mediesituasjonen som ei følgje av global krisesituasjon (Covid 19). NML er samd i at dette ser bra ut som tema for konferansen og melder det tilbake til arrangementskomiteen.

## **7. Tilgang til Atekst**

Oppfølging frå sist (13. mars, sak 4). UiO har no mist tilgangen til Atekst etter at midlane for året er brukte opp: <https://www.ub.uio.no/om/aktuelle-saker/ub-felles/2020/ikke-atekst.html>. Enkelte andre universitet er i same situasjon. Viktig sak for NML pga tilgang til forskingsmateriale. Eiri byrjar å skriva utkast til mogleg kronikk som går til styremedlemene. Me undersøkjer korleis stoda er for dei ulike institusjonane våre og melder det inn til Eiri. Balder sjekkar om andre nordiske land har same problem.

Neste møte

- 8. juni 2020 kl. 14-15 (Zoom)

Terje Skjerdal (ref)